

**Møteprotokoll Skodje sokneråd
Torsdag 25. januar 2024 kl. 19.00
Stad: Søndagsskulebrakkene ved kyrkja**

Innkalla:

Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Jan Løkkeborg, Bitten Kvilekval, Lars Flåte, Bente Vadset, Knut Bjune, Ragnvald Holvik

Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av referat frå møte 30. november

Orienteringssaker :

Frivilligfest 7. februar

Prosesjonskors

Kyrkjebasar

Fellesrådet sitt vedtak om dagleg leiar

Nytt frå stab og fellesråd

Sak 1/24 Samtale om trusopplæringa

«Kirkeordning for Den norske kirke», §12:

Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.

Arbeidsutvalet ynskjer at slike samtalar vert tekne med ein og ein av dei tilsette. Denne gongen har vi invitert kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad til å «ta del i rådets drøftinger». I tillegg til hennar oppgåver bør vi også ta stilling til korleis vi skal handtere situasjonen når kateket Olav Rønneberg går av med pensjon sommaren 2024.

Soknerådsleiaren har saman med soknerådsleiar Mons Olav Walgermo i Ørskog hatt møte med rådgjevar Hans Roar Aas, og vorte samde om at det skal lysast ut ei 100% stilling som kateket i dei to sokna. Framlegg til utlysingstekst er lagt ved.

Samrøystes vedtak:

Soknerådet er ikkje heilt nøgd med framlegget til utlysingstekst. Soknerådsleiaren vert beden om å formidle signala vidare. Stillinga som kateket i Skodje og Ørskog bør sysast ut snarast.

Sak 2/24 Budsjett 2024

Samrøystes vedtak:

Soknerådet hentar hjelp frå rådgjevar hos kyrkjeverja, for å setje opp budsjett for 2024

Sak 3/24 Innspel til kyrkjeleg fellesråd sitt budsjett

Kyrkjeverja ber om soknerådet sitt innspel til budsjett og økonomiplan 2025-2028.

Brevet frå kyrkjeverja er teke inn som vedlegg.

Samrøystes vedtak:

Skodje Sokneråd har slike ynskje for budsjett og økonomiplan 2025-2028:

Skodje kyrkjegard må utvidast. Siste utviding var dimensjonert for å halde til 2027. Arbeidet med neste utviding må starte seinast i 2025.

Kyrkjelydshus: Nytt redusert romprogram viser ei kostnadskalkyle på 18 millionar kroner. Skodje sokneråd ber om at prosjektet vert fremja i fellesrådet sitt budsjettforslag til kommunen.

Sak 4/24 Besøk frå NMS

Skodje sokn har samarbeidsavtale med Den norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelydsbygging i Estland. NMS tilbyr besøk frå misjonskonsulent Jostein Solbakken, og skriv dette:

Åpenbaringstida er kort denne våren og vi i NMS ønsker med denne henvendelsen å minne om at vi er

her for å støtte kyrkjelyden med misjonsoppdraget og har no ein tilgjengeleg misjonskonsulent (Jostein Solbakken) for oppdrag om de ønsker besøk på ei misjonsgudsteneste denne våren eller til hausten. Vi kan tilby å delta med misjonsinfo og preike, så her er det berre å vere om seg !

Dersom kyrkjelyden eller byen/bygda har arrangement der vi kan delta med NMS stand, er det og aktuelt også.

Samrøystes vedtak:

Skodje sokn vil gjerne ha besøk av NMS sin misjonskonsulent, og ber sokneprest og arbeidsutval gjere nærmere avtale.

Sak 5/24 Revisjon

Soknerådet har i samband med val av nytt sokneråd mottatt standard engasjementsbrev frå revisor. Brevet vert lagt fram for soknerådet og må signerast av kyrkjeverje og soknerådsleiari.

Samrøystes vedtak:

Soknerådet vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Skodje sokn. Vi forstår og samtykker i vilkåra i avtalen med Møre og Romsdal Revisjon SA. Soknerådsleiaren vert beden om å signere engasjementsbrevet datert 18. januar 2024.